

Nærings- og fiskeridepartementet,

Postboks 8090 Dep,

0032 Oslo.

Sendt som epost til postmottak@nfd.dep.no

Høyring om forskrift om fellesansvar for utfisking av rømd oppdrettsfisk.

Etneelva er eit nasjonalt laksevassdrag som munnar ut i det sokalla Hardangerfjordsystemet. Dette fjordsystemet er kjend for å ha verdas største tetthet av oppdrettsvirksomhet med tilhøyrande problem knytta til lakselus og rømd oppdrettslaks, noko me til fulle har merka gjennom fleire tiår.

Det er positivt at Departementet no tek initiativ til ei forskrift som avklarar oppdrettsnæringa sit ansvar for gjenfangst av rømd oppdrettsfisk og prinsippet om at forurenar betalar.

Me har nokre merknader til dei ulike punkta i høyringsnotatet .

Punkt 1 Bakgrunn.

Departementet kan gjennom forskrift bestemma samanslutninga si organisering og virksomhet, og Departementet må ved dette høvet ta aktivt styring ved å få på plass eit offentleg styrt miljøfond, altså eit fond der det offentlige har fleirtal i styret.

Punkt 3 Overvaking av førekomst av rømd oppdrettsfisk.

Det er ikkje tilfredsstillande at berre eit fåtal elvar vert overvaka. Overvakinga må omfatta alle lakseførande vassdrag anten dei er store eller små og kostnaden dekkast av samanslutninga. Manglande overvaking fører til mindre utfiske av rømlingar.

Tiltaka må ikkje begrensast til berre overvaking eller berre planar for utfiske. Det viktigaste er å få på plass ei plikt til utfiske.

Samarbeidet med Havforskningsinstituttet som har ansvar for rømingsovervakinga vil vera svært viktig.

I forskrifta må det definerast kva som er rømd fisk. Til dømes « med rømd oppdrettsfisk skal forståast all fisk som rømer frå kommersielle oppdrettsanlegg, samt alle seinare generasjonar av avkom av slik fisk, eller seinare generasjonar av hybridar mellom slik fisk og villfisk.»

Punkt 4 Forureinar betalar-prinsippet.

Det finnest gode utprøvde, rimelige og velferdsmessig eigna metodar for merking av oppdrettsfisk. Departementet må påby oppdrettarane å ta desse i bruk. Det må ikkje vera tvil om at forurenar **skal** betala.

Punkt 5.1 Innleiing.

Slik ordninga er tenkt organisert er styringa av samanslutninga ute av det offentlege sin kontroll. Departementet overlet ansvaret til eit frå før mangelfullt system styrt på oppdrettsnæringa sine

premissar. Dersom det er redselen for fleire avgifter som er så vilktig , så står næringa fritt til å avvika si noverande sjølvpålagde ordning til fordel for ei off. pålagd miljøavgift. Dersom det er redsel for ikkje å få 100% deltaking frå næringa til samanslutninga, så kan dette enkelt regulerast i forskrifta.

At samanslutninga sjølv får ansvar for planlegginga og til å bestemma kven som skal gjennomføra tiltaka i elv er heilt uakseptabelt for elveigarlaga.

Punkt 5.2 Samanslutninga.

Forslaget om eit styrte på 5 medlemmer der oppdrettsnæringa skal ha 3 opnar for at dette vert styrt av oppdrettsnæringa. Det er grunn til å tru at avgjerder etter fleirtallsprinsippet vert gjeldande. Ei slik styrkefordeling er etter vår meining svært uheldig. Uttalelsar frå ansvarleg hald i oppdrettsnæringa gjennom ei pressemelding nyleg gir oss grunn til sterk uro for nettopp dette, og dessutan for at oppdrettsnæringa ynskjer direkte innblanding i forvaltninga av elvane våre. At næringa på denne måten får betydeleg innverknad på korleis samanslutninga skal drivast og og korleis pålegg frå styresmaktene skal oppfyllest gir grunn til stor skepsis og uro.

Eit offentleg styrt miljøfond vil ha ei tryggare forankring og større legitimitet .

5.3 Ansvar til samanslutninga.

Samanslutninga sit viktigaste ansvar må vera å syta for nødvendig beredskap for utfiske i alle elvar med oppvandring av rømd oppdrett laks. Me meiner at den beste kunnskapen og erfaringa er å finna lokalt og det må satsast på lokale uttaksgrupper som kan aksjonera straks det er behov for tiltak. Det må ikkje bli slik at det er oppdrettsnæringa som skal avgjera om og når utfisket skal setjast i verk ut frå eit kostnadshensyn.

6 Om tiltak pålagde av styresmaktene.

Overvaking og vurdering av planlegging av utfiske er ikkje nok. Det klart viktigaste er høg beredskap for gjennomføring av utfiske og klare tiltaksalternativ også i akuttsituasjonar der det ikkje er tid å missa. Igjenn er det uakseptabelt at det er næringa si eigen kost/nytte vurdering som skal vera avgjerande for om det vert sett i verk utfiske. Vår erfaring fram til no er at dialogen med oppdrettsnæringa i slike spørsmål er mangelfull og tildels fråverande. At det opnast for å bruka fleire år for å setja i gang planlegging og utfisketiltak i mange elvar er altfor passivt.

Erfaringane med fiskefella i Etneelva viser at systemet fungerer og at fiskefelle kan vera ei tenleg straksløysing også i andre elvar i påvente av meir permanente løysingar på rømingproblemet.

Etne Elveigarlag viser til og støttar høyringsuttalen frå Norske Lakseelver.

Etne, 29.nov.2014.

Etne Elveigarlag

Vidar Børretzen

Leiar